

INFORMASJONSHEFTE

Flatdal barnehage

Seljord kommune



Adresse: Flatdalsvegen 1139, 3841 Flatdal
Telefon: 350 51365
E-post: heddeli.barnehage@seljord.kommune.no
Styrar: Nina Merete Bakkåker/Heidi Haugerud
Opningstid: Måndag til fredag kl.07.30 – 16.30
Stengt i veke 28, 29, 30 og f.o.m. joleftan t.o.m. 1.nyttårsdag.
Barnehagen er og stengd 5 dagar som personalet har planlegging.
Seljord kommune si heimeside: www.seljord.kommune.no

Organisering

Flatdal barnehage er organisert saman med Heddeli barnehage. Barnehagen er likevel ei sjølvstendig eining og har sin eigen årsplan og eige samarbeidsutval.

Alt innhald i barnehagen er bygd på Lov om barnehagar, nasjonal og lokal rammeplan.

Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune, og evalueringar og tilbakemeldingar frå personalet, barn og foreldre. Årsrytme, høgtider og tradisjonar i bygda set preg på barnehagedagen.

Barnehagen har 26 plassar. Barnegruppa er saman morgon og ettermiddag, men delar seg i mindre grupper ute og inne. Mellom om lag kl. 9.45 - 12.30 blir barna dela i grupper etter alder.

Informasjonsrutinar

My Kid er eit digitalt kommunikasjonsverktøy som forenkler informasjonsflyten mellom heim og barnehage. Der ligg det *nyhetsbrev* med planar for næraste periode, møteinnkallingar og andre aktuelle skriv. Der er ein *kalender* der de kan sjå kva som er planlagt dei ulike dagane framover i tid. På *oppslagstavla* finn du m.a. beskjedar frå personalet på *postit-lappen* som gjeld heile barnehagen, og der kan du lese om kva vi gjer kvar dag på *dagen i dag*. Meldingar til barnehagen ynskjer vi at de skriv på *meldingar*, ikkje sms. Du kan og legge inn fråvær som gjeld barnet. Viktig! Dette erstattar ikkje den daglege kommunikasjonen med føresette.

Årsplanen som er barnehagen sitt program for barnehageåret vert lagt i My Kid i starten av september. Der ligg og dette informasjonsheftet. I heftet kan du lese om korleis barnehagen er organisert og kvifor. Her får du del i grunngjevingar for dei ulike vala vi har teke. Detaljane blir til i fellesskap med barna og dokumentert i etterkant.

Dagsrytme

07.30	Barnehagen opnar
07.30 - 9.45	Leik inne og ute
08.00 - 08.30	Frukost
9.45 - 12.30	Arbeid i aldersdelte grupper: - samling, leikegrupper, matlaging, gymsal, og andre ulike aktivitetar og gjeremål. Når vi drar på turar og i gapahuken er vi attende ved 13/14-tida.
11.15 – 12.30	Formiddagsmat, kvilestund og garderobe
12.30 - 16.30	Leik ute og inne
14.30 - 15	Ettermiddagsmåltid m/frukt og grønsaker
16.30	Barnehagen stenger

Alle klokkeslett gjennom dagen er omtrentlege.

Dei minste barna et og søv etter avtale med foreldra.

Barna vert førebudd på dagens gjeremål gjennom ei dagtavle som heng på vegg.

Dagtavla er ei tavle der bilete av gjeremåla er satt opp kronologisk.

Starten på dagen Barna vaskar hender (reducerer smitte) før dei føresette følgjer dei inn på leikerommet og helsar god morgon. Dei som skal ha frukost kryssar av på lista i gangen.

Leiken ute og inne I leikeperiodar deler barna seg i grupper slik at nokre leikar ute og nokre leikar inne fordelt på dei ulike romma. Leiken har ein sentral plass i livet i barnehagen. Leiken har si eigenverdi difor skal personalet ta omsyn til leiken sin eigen kultur og gje plass og rom for den. Leiken er ein arena for utvikling og læring. Barna lærer å samarbeide og å utvikle språket. Leiken skal variere i tema og gje gode rammer for barns kreativitet og skapande verksemd. Meir om leiken s.8.

Måltid Gjennom medverknad i mat og måltidsaktiviteter skal barna motiverast til å ete sunn mat og få grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse. Dei skal lære om kva mat kroppen har behov for. Vi serverer variert brød, pålegg, frukt og grønnsaker, havregraut, mjølk og vatn. Barna er med på å lage eit varmt måltid to gonger i månaden. Vi lagar og mat på bålet ved gapahuken. Barna skal oppleve glede over måltidet og lære generell bordskikk, som å sende mat, vente på tur, ete fint og takke for maten. Barna skal lære ferdigheiter som å smøre brødskiva, skjære ost og å helle mjølk. Menyen vert sett saman på bakgrunn av årstider, lokale og nasjonale tradisjonar med innslag av mattradisjonar frå andre land som er representert i barnehagen, samt retningsliner for matserving i barnehagen. Måltidet startar med bordvers.

I samband med måltida skal barna få innsikt i kvar maten kjem i frå, i produksjon av matvarer, dei skal få oppleve ulike smakar, lære om hygiene og søppelsortering. Samhandling og samtalen i mindre grupper har ein sentral plass i førebuing og gjennomføring av måltider. Den nest eldste gruppa i barnehagen etablerer vår eigen lille kjøkkenhage under kirsebærtreet på leikeplassen der vi kan følge prosessen frå jord til bord.

Matematikk Førebuing av måltider og matlaging er og ein arena der dei får mykje matematisk erfaring gjennom måling, veging, mengde, teljing, tal,

samanlikningar, storleikar, former, fargar, mønster, sortering og omgrep m.m. Det same gjeld for turar i bygda, leik i naturen og aktivitet i gymsal. Her får ein utfordra sansane, utvikla romforståing og naturleg motivasjon for problemløysing og utholdenhet.

Speling

Nokre barn og ein vaksen spelar spel. Barna skal erfare å vente på tur og samarbeide, tape og vinne. Speling hjelper til å utvikle språk, omgrep og matematikkforståing. Og det gjev sosiale opplevingar.

Gapahuk

Ved å vera i gapahuken kvar veke kjenner vi årsrytmen på kroppen. Vi ynskjer at barna skal bli glade i å vera ute, og få gode opplevingar i naturen. Dei skal bli kjende med tre, blomar og dyrelivet i området, og få innsikt i livsyklusen til planter og dyr, -og mennesket. Livet i gapahuken byr og på leik, fysisk utfolding, sanseopplevingar, utforsking, eksperimentering og undring, matlaging på bål, og innsamling av naturmateriell til leik og forming. Vi har fokus på bærekraftig utvikling og miljøvern ved å hauste av naturen og ikkje forbruke og øydeleggje den unødig, -og ved å plukke med oss søppla vår, -og andres.

Turar i nærmiljøet

Barna skal bli kjende i bygda si. Vi utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet. Barna lærer å orientere seg og ferdast trygt. Når vi går i bygda har vi fokus på trafikkopplæring. På turane våre blir barna kjende med lokal historie, lokale tradisjonar, segn og songar knytta til plassar vi besøker. Vi opplever at det er ulike måtar å leve på og tene til livets opphald. Gardsbruk står sterkt i Flatdal og vi har bakeri og butikk, snikkarverkstad m.m. Familiene til barna representerer ulike yrkesgrupper og levesett. Vi markerer og samenes nasjonal dag kvart år. I den samanheng blir dei kjende med Noregs urfolk, og får kjennskap til deira kultur.

Gymsal

I tillegg til turar i nærmiljøet og i skogen ved gapahuken er vi så heldige å ha tilgang på gymsal. Her skal barna få oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar. Dei får vidareutvikle motoriske ferdigheter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar gjennom leik og tilrettelagte aktivitetar som hinderløype, balleik, regelleikar, ringleikar, dans, dramatisering osv. Dei får utfordre motet sitt gjennom risikofylt leik i trygge omgjevnadar ved å klatre høgt, bevege seg fort, konkurrere, samarbeide med andre osv.

Rammeplanen understrekar at barna skal støttast i å bli trygge på eigen kropp, utvikle eit bevisst forhold til retten til å bestemme over kroppen sin, få ei positiv oppfatning av seg sjølv og bli kjende med sine egne kjensler. Og respektere andre sine grenser. Vaksne er modellar for barn. Gjennom praksisforteljingar så jobbar personalet kontinuerleg med å bevisstgjere seg korleis vi anerkjenner barns tankar og følelsar, og hjelper dei å handtere det respektfullt overfor både seg sjølv og andre.

Kvilestund

Utkvilte barn lærer best. Barn tek naturlege pauser når dei treng det. For nokon kan det vere utfordrande å finne ro på eiga hand. Etter måltidet legg vi opp til at alle får høve til å slappe av. Dei som treng det søv. Vi høyrer lydbok, roleg musikk eller les.

Lesing

Barna skal bli glad i bøker og lære korleis ein handsamar bøker. Bøker er tilgjengeleg for barna til ei kvar tid slik at dei kan lese og bli lest for på eige initiativ, både inne og ute. Å lese bøker styrker språkutviklinga, førebur utvikling av skriftspråket deira, og gjev litterære opplevingar. Barna blir kjent med seg sjølv og får kunnskap om omverda gjennom rollefigurar og hendingar i forteljingane. Vi les for alle i samling og kvilestund. Fortelje gjer vi og i gapahuken og på tur til historiske stader i bygda.

Biblioteket

Vi er næraste nabo med biblioteket og har ei avtale om å kunne låne bøkar når vi vil. Dei eldste får erfaring med å låne bøkar i bibliotekets opningstid.

Kunst, kultur og kreativitet

Ein variasjon av formingsmateriell og utstyr er tilgjengeleg for barna i det daglege. I periodar har vi fokus på ulike teknikkar barna skal erfare og kunne uttrykke seg med. Dei yngste har hovudfokus på å utforske og eksperimentere med måling, fargeblanding, trykk og leire. Dei eldste utforskar blyant og fargestifter og andre teikneverkty. Dei skal resirkulere papir, jobbe med leire, og gjere erfaring med nål og tråd og veve. I gapahuken snekrar vi, og på uteleikeplassen er m.a sandkassa ein ynda plass å utfalda seg i all salgs vèr.

Vi syng spontant i kvardagen, og vi har instrument som nyttast i større og mindre grupper med ein vaksen. I samling syng vi og framfører månadens song og dikt og andre variasjonar som passar inn i tema vi held på med. Vi har og fokus på lokale musikk-, dans- og forteljar-tradisjonar i ein periode kvar vår.

Til karnevalet og sommarfesten jobbar førskulegruppa med eit lokalt segn og set opp ei teaterframsyning. Saman med Åmotsdal Barnehage tek vi imot omreisande førestillingar, både musikk og teater.

Vi lagar våre eigne utstillingar i barnehagen. Frå denne hausten har vi og fokus på kva teknologien som verktøy kan gje oss av moglegheit.

Samling

I samlinga får barna felles opplevingar i gruppa si. Innhaldet i samlinga vil vere prega av barnas interesser, ulike prosjekt, årets rytme og høgtidene. Metodane representerer eit mangfald: song, musikk, dikt, regler, høgtlesing, forteljingar, samtaler, dramatisering, multimedia m.m. Ein gong i månaden har vi felles musikkksamling med alle barna. Samlinga er og ein arena for å ta opp ting som rører ved gruppefellesskapet. Her får ein del i andre sine kjensler, tankar, meiningar, erfaringar, ein får sjølv fortelje og stille spørsmål.

Garderobe

Barna skal lære å kle på seg sjølv og gjere erfaringar med kva slag klede som passar til ulikt ver og ulike årstider. Barna oppmuntrast til å hjelpe kvarande og dei skal halde orden på garderobeplassen sin. Her må og føresette hjelpe til ved levering og henting.

Slutt på dagen

Ta alltid kontakt med personalet for ein liten prat og sei hadet før de går. I MyKid kan du lese meir om kva vi held på med kvar dag. Og du kan finne informasjon som gjeld heile barnehagen, gruppa eller berre til deg som gjeld ditt barn. Kva vi held på med dokumenterast på ulike måtar sjå s. 11.

Høgtider og merkedagar

- *Fødselsdagar* blir markera med song, vi sender opp "rakettar", flaggar og har bilete av barnet i gangen. Invitasjonar til selskap skal ikkje leverast ut i barnehagen.
- *Dyrsku'n*. Tema knytt til dyrsku'n.
- *FNdagen og verdsbarnedagen* blir markera ved å bli betre kjend med tradisjonar frå andre kulturar som er representera i barnehagen. Vi fokuserer og på barns rettar.
- *Jol og advent* blir markera med tradisjonell bakst, jolepynt, songar og forteljingar. Vi har fokus på å gje og bety noko for andre.
- *Samefolkets dag 6/2* blir markera med å gje eit innblikk i deira historie, kultur og tradisjonar. Vi studerer flagget og nasjonaldrakta, fortel forteljingar og lagar samisk mat.
- *Fastelavn* blir markera med forteljing, bollebakst og karneval.
- *Barnehagedagen i mars* er ei nasjonal markering omkring eit tema knytt til barnehagelivet.

- *Påske* blir sett i samanheng med våren og markera med litteratur, songar, og ulike aktivitetar.
- *17.mai* blir markera med forteljingar. Barna blir kjend med nasjonalsongen, og andre 17.mai songar. Barna lærer om flagget og om kvifor vi feirar 17.mai.
- *Markering av høgtider knytt til andre tradisjonar og kulturar* blir gjort i samarbeid med heimane.

Barns rett til medverknad

Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. Dei skal få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. Personalet forstår omgrepet slik at kvart barn har rett til å bli sett, høyrd, respektert og til å deltake og prøve seg fram. I denne prosessen får barna erfaring med kva demokrati er.

Ein barnehagedag inneheld mykje praktisk arbeid som personalet involverer barna i så langt det let seg gjere. Kvardagslege gjeremål inneheld naturleg og meningsfull læring på vegen til å bli sjølvstendig. Kvardagslege gjeremål er kjelder til kunnskap om konkrete oppgåver og korleis alt heng saman med kvarandre. Små grupper gjev gode rammer for medverknad, samtale og samhandling kring oppgåvene som skal løysast. Kvar dag har vi ein dagens hjelpar/lita gruppe som har oppgåva med å leggje til rette for fellesskapet saman med ein vaksen. Det kan vere å dekke bord, bidra i samling, dele frukt, henge opp klesvask, pakke sekk og anna.

Arbeidsmåtar og progresjon

Medverknad i eige liv og barnehageliv, og samspel med utgangspunkt i barnas eigne erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ skaper engasjement og motivasjon for læring. Jamfør rammeplanen skal personalet ta del i leik, og vere open for improvisasjon og kreativitet. Dei skal stimulere barna til undring og evne til å stille spørsmål, søkje opplevingar ta initiativ og meistre nye ting. Dei skal gi barna varierte inntrykk og høve til å uttrykke seg på forskjellige måtar, og arbeide tverrfagleg og heilskapleg.

Personalet skal oppdage, følgje opp og utvide det barna alt er opptekne av og planleggje og legge til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barn. Personalet skal bidra til at barna får meistringsopplevingar, samtidig som dei har noko å strekkje seg etter. Ein skal leggje til rette for fordjuping, attkjenning og gjentaking i innhaldet og arbeidsmåtane i barnehagen. Dei skal introdusere nye perspektiv og leggje til rette for nye opplevingar og erfaringar. Ein skal og sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiell, bøker, leiker, verktøy og utstyr, -og gjere desse tilgjengelege for barna.

Lærarrolla er i endring frå å vere reproduserande (overføring av kunnskap frå lærar til barnehagebarn/elev) og aktivitetsstyrt, til å rettleie barnets eigen forskning. På den måten

produserer barnet sin eigen kunnskap og erfaring med støtte frå læraren. Denne endringa er i trå med kva forskning seier om korleis barn lærer best. Å vera i flyt med barna på denne måten har konsekvensar for måten personalet er saman med barna på, for planlegging, gjennomføring og evaluering av arbeidet. Dette er eit felt i utvikling og som personalet har fokus på.

Barnehagens samfunnsmandat

"Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for *omsorg og leik, fremje læring og danning* som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng". Rammeplanen 1.8.2017

Personalet legg vekt på ein barnehagedag fylt med glede, ro, og med minst mogleg avbrot i leiken til barna. Leiken har sin eigen verdi, og i leiken skjer det viktige læreprosessar. Kvaliteten på samspelet mellom barn-barn og barn-vaksen er viktig i denne samanhengen. Personalet skal vere aktivt deltakande og observerande i leiken og gjeremåla til barna. Dei skal vere utviklingsstøttande. Det tyder å sjå og støtte det einskilde barnet si utvikling ut frå personlegdomen til barnet, og i leik og gjeremål tilføre nye moglegheitar og innhald.

I samvær med barna, enkeltvis og i mindre grupper, legg vi vekt på samhandling og samtalen som metode. Utvikling av god språkforståing er viktig for å meistre samvær med andre. Vi har difor fokus på språk og eit ekstra fokus på språk saman med barn som strevar med språket, og for dei som ikkje har norsk som morsmål. Barnehagane i Seljord har for nokre år sidan fordjupa seg i språk og språkutvikling. Vi samla det vi kom fram til i to permar som fungerer som eit reiskap i arbeidet med barns språkutvikling.

Inkluderande fellesskap. Barnegruppa rommar eit stort mangfald som alle skal oppleve å bli anerkjent og vist respekt. Det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Barnehagen skal gje rom for barnas ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar, og bidra til at barna i fellesskap med andre utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og tru på egne evner.

Vi har fokus på korleis den vaksne møter det einskilde barnet slik at barnet sin integritet blir ivareteken samtidig som omsynet til dei andre barna også blir ivareteken.

Utvikling av sosial kompetanse hos barn er nødvendig for å kunne vere saman med andre, etablere venskap, løyse konflikhtar, vere hjelpsam, samarbeide i grupper, og forstå korleis andre har det. Utvikling av sosial kompetanse, språk og kommunikasjonsevne vil vere med på å førebyggje diskriminering, krenking og mobbing. Det vil utjamne sosiale forskjellar og bidra til likestilling på ulike område. Grunnlaget for desse ferdighetane blir lagt i førskulealder. Personalet legg vekt på å utvikle desse ferdighetane.

Oppfølging av barnet

Overgang heim-barnehage

Når eit barn har fått plass i barnehagen blir barnet og foreldra invitert til eit besøk i barnehagen og to opne dagar for alle nye barn og foreldre. Etter det fyrste møtet blir foreldra oppmuntra til å kome ofte på besøk fram mot barnehagestart. Barnet treng å bli kjent i barnehagen og få tillit til nokre av dei vaksne over tid. Foreldra må sette av tid til å fylgje barnet i barnehagen dei fyrste dagane og vere tilgjengelege ved behov i startfasen. Mange arbeidsplassar gjev inntil 3 dagar permisjon for tilvenning i barnehagen.

Kvart barn har sin kontaktperson som hjelper barnet til å bli kjent og trygg i barnehagen. Når barnet startar i barnehagen er kontaktpersonen viktig. Etter kvart får barnet like mykje med dei andre i personalet å gjere. I samtalar og observasjonar har personalet fokus på korleis barnet opplever barnehagelivet sitt.

Etter kvart som barnet veks til er det med på barnesamtalar i barnehagen. Tema for samtalanane er korleis barnet opplever livet i barnehagen frå ulike perspektiv.

Barnet sitt utbytte av barnehageopphaldet blir drøfta med foreldra i foreldresamtalar haust og vår. Tema kan vere helse, trivsel, utvikling på ulike område, leik, læring, sosialt samspel eller anna som foreldre ynskjer å ta opp.

Foreldre og personalet finn saman ut kva ein skal legge vekt på i oppfølginga av barnet. Ved behov kan foreldre eller personalet ta initiativ til fleire samtalar. Vi erfarer at den daglege kontakten ved levering og henting er den viktigaste samarbeidsforma mellom foreldra og personalet. Det er avgjerande å få opplysningar om barnet si helse, behov, ynskje og opplevingar slik at vi kan gje barnet best mogleg omsorg og oppfølging.

Sjuka barn

Folkehelseinstituttet har laga retningslinjer for sjuke barn og barnehageopphald.

Barnehagane i Seljord fylgjer desse.

Informasjon om sjuke barn og barnehageopphald ligg på Seljord kommune si heimeside under barnehage og linken sjuke barn og barnehage.

Klede og utstyr

Vi er mykje ute i all slags vær, til alle årstider. Barna må difor ha godt med klede liggande.

Også ekstra skift. Alle klede barna brukar i barnehagen bør vere merka.

Alle må ha med seg ei drikkeflaske til vatn. Dei som søv må ha med vogn.

Samarbeid mellom heim og barnehage

Jamfør rammeplanen skal barnehagen vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med dei. Samarbeidet skal alltid ha barnets beste som formål.

Foreldra og barnehagen har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Utanom den daglege kontakten og planlagde foreldresamtalar har vi to foreldremøte i året som nyttast til å ta opp ulike tema som rører ved barns oppvekstmiljø og barns utvikling. Vi deler vi kunnskap og erfaringar, og reflekterer rundt rolla som oppdragar.

Foreldre blir og inviterar til tre samlingar i året (ein haust og to vår) der dei eldste barna planlegg og gjennomfører samlinga saman med personalet på gruppa, og dei andre barna og vaksne. Barna steller i stand, lagar og serverer litt å bite i og dei framfører noko av arbeidet vi har heldt på med gjennom året.

Avtalar barna mellom om å bli med kvarandre heim skal avtalast med føresette i forkant av barnehagedagen. Når andre enn foreldra hentar, skal barnehagen ha beskjed.

Dersom det er noko de lurar på eller noko de ikkje er nøgd med, vil vi gjerne ha tilbakemeldingar. Barnehagen skal tilpasse seg mange forskjellige heimar, ynskjer og behov. Difor er personalet avhengig av å høyre kva føresette meiner for å gjere ein best mogeleg jobb.

Foreldreråd og samarbeidsutval

Alle foreldra er medlem av *foreldrerådet*. Leiar og nestleiar blir vald for eit år på foreldremøte i august/september. Foreldrerådet skal vere eit forum der føresette kan møtast og drøfte ynskjer og behov, og kome med innspel til barnehagen.

Samarbeidsutvalet består av ein representant frå foreldra, ein personalrepresentant og ein representant for eigar (dvs. ein polititar). Styrar er sekretær. Utvalet konstituerer seg sjølv på fyrste møte i september. Tilsette- og foreldrerepresentantane blir vald for eit år. Samarbeidsutvalet skal drøfte barnehagens innhald, fastsette årsplan og fremme kontakt mellom barnehagen og heimane.

Samarbeidspartnerar

Flatdal og Åmotsdal barnehage samarbeider om innkjøp av ulike førestillingar til barnehagen, konsert og teater. Vi har ein akedag saman i Åmotsdal. Og dei eldste som skal byrje på skulen saman møtast i Flatdal i vårhalvåret. Dette gjeld barn både frå Åmotsdal og Seljord. I tillegg møtes dei på skulen i skulens regi.

Barnehagen skal syte for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gje barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. I Seljord har barnehagane støtte i både *spesialpedagog og logoped* som i periodar rettleier personalet og fylgjer opp enkeltbarn.

Vi er og med i eit systemretta samarbeid i Vest-Telemark i regi av *Pedagogisk Psykologisk Teneste, PPT*. Her hentar vi ny kunnskap og får rettleiing. Dei skriv og sakyndige vurdering

ved behov for ekstra ressursar i arbeidet med barn som i periodar har behov for ekstra støtte.

Helsestasjonen (fysioterapeut og helsesyster). Helsesyster besøker 3 åringane i barnehagen og førebur dei på 4 års kontrollen.

Ein tannpleiar kjem til barnehagen og førebur barna til deira fyrste tannlegebesøk.

Skulane i Seljord og vidaregåande på Notodden nyttar barnehagen til utplassering av elevar.

Overgang barnehage-skule

Vi har eit samarbeid med skulen gjennom heile året før skulestart. Då møter barna fadderane sine og gjer ulike aktivitetar saman. Utanom det så inviterer vi dei eldste barna frå Åmotsdal og barnehagane i Seljord som skal begynne på skulen saman hit til oss. Vi møtast om lag ein gong i månaden. Vi skal og bli kjent på SFO kva dei driv med der. Vi har aktivitetar der leiken er i fokus for å bli betre kjent med kvarandre. Med gjentaking skapar dette trygghet, erfaringar og nysgjerrighet på kvarandre og det fellesskapet som skal bli klassa deires.

I barnehagen deler vi oss i grupper kvar måndag. Vi intensiverer fokuset på utvikling av sosial kompetanse som eit godt grunnlag og utgangspunkt for det som møter dei i skulen. Det handlar m.a om å lære å lytte til andre, setje seg sjølv på vent, ta omsyn, og samtidig vere ein initiativrik, positiv og aktiv medspelar.

Barna skal mellom anna øve samarbeid ved å medverke i planlegging, gjennomføring og evaluering av haustfesten og ruskendagen. På sommarfesten skal dei vere med å setje opp eit lite teaterstykke.

Dokumentasjon og vurdering

Barnehagen tek vare på noko av arbeida til barna fram til barna sluttar i barnehagen.

Alt blir samla i ei mappe som barna får med seg når dei sluttar.

Nokre av arbeida til barna lagar vi utstillingar av. Utstillingane blir gjort i samarbeid med barna. Barnehagen skal kvart år dokumentere kva for lokalhistorie som er formidla i dei ulike gruppene, t.d. forteljingar, songar, segn og soge, turmål.

Kvar dag skriv personalet litt om dagen og legg ut inntil 10 bilete på My Kid m.m. Sjå s.2

TRAS og MIO er enkle kartleggingsverktøy for språk, omgrep og sosiale ferdigheter. Vi nyttar desse som eit hjelpemiddel til oppfølging av det enkelte barn. Kartleggings skjema blir

makulera når barnet sluttar i barnehagen.

Barnet og barnegruppa sitt utbytte av barnehagedagen blir vurdert gjennom formelle barnesamtaler og spontane samtaler i kvardagen med det enkelte barn, gjennom observasjon, i personalmøte og i foreldresamtalar.

Foreldremøter, foreldras arbeidsutval (FAU) og samarbeidsutvalet (SU) er og sentrale organ for evaluering av drifta opp mot lokale og nasjonale målsettingar.

Personalutvikling

Planleggingsdagar, personalmøter, ped.leiarmøter, gruppemøter, medarbeidersamtalar, fagtreff og pedagogmøter blir bruka til personalutvikling.

Å skape eit inkluderande miljø i barnehagen er eit kontinuerlig fokus for alle tilsette.

Innunder tema ligg to grunnleggjande omgrep: relasjonskompetanse og sosial kompetanse.

Definisjon, relasjonskompetanse: "Kunnskapar, ferdigheter, evner og haldningar som etablerer, utviklar, reparerer og held ved like relasjonar mellom menneske". J. Spurkeland

Definisjon, sosial kompetanse: "Eit sett av ferdigheter, kunnskapar og haldningar som vi treng for å meistre ulike sosiale miljø. Stikkord: Empati, samarbeid, sjølvhevding, sjølvkontroll og ansvarlighet". Utdanningsdirektoratet (Udir)

Det er personalets oppgåve å bidra til at barna utviklar desse sidene ved seg sjølv. Då er det viktig at personalet er bevisst eigen handlingskompetanse på området til ei kvar tid. Vi jobbar systematisk med desse temane gjennom å tilegne oss kunnskap, analysere praksis, rettleie kvarandre etter ulike metodar, ein til ein og i gruppe. Og ved å gje kvarandre tilbakemeldingar i det daglege. Kva satsningsområde vi har til ei kvar til kjem fram av årsplanen.